

Oppdragsgjevar: Franzefoss Gjenvinning AS
Oppdragsnamn: Franzefoss Gjenvinning-deponi Kvalneset Masseuttak
Oppdragsnummer: 643966-01
Utarbeida av: Anna Hellstrøm
Oppdragsleiar: Astrid Drake
Dato: 21.06.2024
Tilgjenge: Opent

Notat Planinitiativ Kvalneset masseuttak og deponi

1. Føremål med plana
 2. Planområde og verknader utanfor planområdet
 3. Planlagde bygningar, anlegg og andre tiltak
 4. Forhold til gjeldande planar og pågåande planarbeid
 - 4.1. Kommuneplanens arealdel
 - 4.2. Reguleringsplan
 5. Vesentlege interesser som blir påverka
 - 5.1. Naturmangfald
 - 5.2. Kulturlandskap
 - 5.3. Kulturminne
 6. Samfunnssikkerheit (Risiko- og sårbarheitsanalyse)
 7. Offentlege mynde og andre interessentar
 8. Medverknad
 9. Krav om konsekvensutgreiing
- Kjelder

Versjonslogg:

| | | | | |
|-------------|-------------|-------------------|-----------|-----------|
| | | | | |
| 01 | 05.07.24 | Nytt dokument | AH | IDR |
| VER. | DATO | BESKRIVING | AV | KS |

1. Føremål med plana

Masseuttaket på Kvalneset har vore i bruk sidan 1965.

Det er no ønskje om å også bruke området for ordinært deponi av masser. I tillegg er det ønskje om mellombels lagring og behandling av masser. Da gjeldande reguleringsplan ikkje legg til rette for dette er det behov for ny reguleringsplan.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Ulstein Betongindustri og Franzefoss Gjenvinning. Plankonsulent er Asplan Viak.

2. Planområde og verknader utanfor planområdet

Planområdet bør omfatte heile gjeldande reguleringsplan for Kvalneset masseuttak. I tillegg bør planområdet omfatte området som allereie er opparbeida rett vest for planområdet, ved porten til masseuttaket.



Foreslått planområde

Det har i lang tid vore masseuttak på Kvalneset. Anlegget er godt skjult i terrenget og lite synleg frå riksvegen. Gjeldande reguleringsplan føreset at området blir nytta som deponi for reine masser etter avslutta masseuttak. No er det ønskeleg å legge til rette for deponi av ureine masser i tillegg (ordinært deponi.) I fylket er det i dag berre tre andre ordinære deponi og det er behov for fleire. Inerte masser, muddermasser, blåsesand, framande planteartar (til dømes lupiner, legepestrot og parkslirekne) og forureina masser vil være spesielt aktuelt å ta mot i området.

Endringa betyr lite for landskapsbildet, støy og støv samt trafikk. Den største forskjellen er at endringa vil krevje større kontroll og betre reinsing av sivevatn.

3. Planlagde bygningar, anlegg og andre tiltak


Tilkomstveg, knuseverk og driftsbygningar er etablert og skal ikkje endrast.

Føresegner for støygrenser, krav til sikringsgjerdje og andre premisser for drifta vil også bli ført vidare.

4. Forhold til gjeldande planar og pågåande planarbeid

4.1. Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel blei vedteke 28.03.2019. Kommuneplanen viser at reguleringsplanen gjelder i området. Det er eit stort område markert med omsynssone for ras- og skredfare. Lenger ned på Kvalneset er det satt av område for ny næring. Det er også markert omsynssone for fleire automatisk freda kulturminne.



Kart som viser kommuneplanens arealdel ved Kvalneset.

4.2. Reguleringsplan

Reguleringsplan for Kvalneset masseuttak (PlanId 201100004) vart vedteken 05.02.2015.




Kart som viser planområdet for reguleringsplan for Kvalneset masseuttak. Grøne områder dannar skjerm rundt masseuttaket.

5. Vesentlege interesser som blir påverka

5.1. Naturmangfald

Det er registrert vipe (kritisk trua) og kråke (livskraftig) vest på Kvalneset. I sjøen er det registrert oter (livskraftig) og blauttdyret *Abra Nitida* (livskraftig).

Langs riksvegen er det registrert dei framande artane Platanlønn og Sitkagran.




Kjelde: Artsdatabanken.no

Nord for Kvalneset er det registrert ein viktig større tareskog.



Viktig større tareskog nord for Kvalneset. Kjelde: Naturbase.no

Vassforekomsten Botnavika har svært dårleg økologisk tilstand.




Økologisk tilstand i Botnavika er svært dårleg, og dårlegare en områdene rundt. Kjelde: GISlink.no

5.2. Kulturlandskap

Kvalneset er del av det verdifulle kulturlandskapet «Fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid». Følgjande tekst er henta frå omtalen av kulturlandskapet:


«Området omfattar den såkalla " Grøne korridoren" med meire. Busetnaden finn ein stort sett langs dei smale bremmane av lågland langs sjøen i desse kommunane. Dette skaper eit stort sett samanhengande, kystorientert kulturlandskap. I området finn ein eit variert kystkulturlandskap med store naturfaglege og kulturelle verdiar.»



Kart som viser det verneverdige kulturlandskapet. Kjelde: www.naturbase.no

5.3. Kulturminne


På Kvalneset rett vest for planområdet er det registrert to område for steinalderbusetnad, eit dyrkingsområde frå bronsealderen og to gravrøysar frå jernalderen. Kulturminna vil ikkje bli påverka.




Kart som viser registrerte automatisk freda kulturminne. Kjelde: Kulturminnesok.no

6. Samfunnssikkerheit (Risiko- og sårbarheitsanalyse)

Ein del av området ligg innafør aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Det same området ligg også innanfor aktsemdsområde for bratt terreng snøskred S2 2023. Det er ikkje fare for kvikkleire i området. Skredfare må bli vurdert som del av planarbeidet.



Aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Kjelde: www.nve.no



Aktsemdsområde for snøskred S2 2023. Kjelde: www.nve.no

7. Offentlege mynde og andre interessentar

Offentlege mynde vil bli involvert i planprosessen på vanleg måte.

Den endra drifta vil krevje ny driftsplan som Direktoratet for mineralforvaltning skal godkjenn. Det er også krav om løyve etter forureiningsforskrifta og avfallsforskrifta. Dette blir gjort utanom planprosessen.

8. Medverknad

Planprosessen blei starta i 2019-2020, men har lege nede ein periode. Det var den gongen engasjement rundt saka, som det ofte blir rundt massehandtering.

Det er viktig at planprosessen blir open. Vi ser for oss mellom anna opne møter, kontinuerleg informasjon på nettside og direkte kontakt med naboar og andre interessentar i tillegg til ordinær varsling og høyring.

9. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing sitt vedlegg II. Planer etter plan- og bygningsloven og tiltak etter annet lovverk som skal vurderast nærare.

Nr 11 k Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000m³ masse.

Desse tema kan vere aktuelle i konsekvensutgreiinga:

Natur i sjø – evt. naudsynt med ny kartlegging, gyteområde for torsk, dårleg vasskvalitet, mm.

Landskap – det har kome registrering av verneverdig kulturlandskap som omfattar heile deponiområdet etter førre reguleringsplan.

Skred – nye aktsemdskart i fjor. Skred i bratt terreng må utgreiast.

Samfunn – forklaring på kvifor samfunnet treng deponi.

Vi ser det som viktig med ei grundig utgreiing av eventuelle konsekvensar.

Kjelder

- www.lovdatabank.no
- www.nve.no
- www.gislink.no
- www.kulturminnesok.no
- www.ulstein.kommune.no
- www.naturbase.no
- www.artsdatabanken.no